

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 3. mai 2021 kl. 13.00-15.00

Stad: Zoom:

Meeting URL: <https://uib.zoom.us/j/62477532038?pwd=Z0hYmJodXlLeWFzTGdicDh1R3Q0UT09>

Meeting ID: 624 7753 2038

Password: pKDDXA63

Til: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitskap), Peter Svare Valeur (vara allmenn litteraturvitskap) Scott Rettberg (digital kultur), Daniel Jung (vara digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Per Olav Folgerø (kunsthistorie), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant), Sarita Helen Øygard (studentrepresentant)

### Saksliste

UUI-sak 5/21: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 6/21: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat og oppfølging frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar .....	4
Orienteringssak 3: Haustens undervisning - retningslinjer .....	4
Orienteringssak 4: Studiekvalitetsmeldinga og dialogmøte - 2020 .....	5
Orienteringssak 5: Pilot for obligatorisk utveksling i studieplanen.....	5
Orienteringssak 6: Revisjon av BA-programmet i kunsthistorie .....	5
UUI-sak: 7/21 Drøftingssaker .....	5
Drøftingssak 1: Seminar for fagkoordinatorar - evaluering .....	5
Drøftingssak 2: LLE 2022 .....	5
UUI-sak 8/21: Ymist.....	5

[UUI-sak 5/21: Godkjenning av innkalling og saksliste](#)

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

[UUI-sak 6/21: Orienteringssaker](#)

[Orienteringssak 1: Referat og oppfølging frå førre møte](#)

Referatet er godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Arnt Robert Leganger etterlyste på eit tidlegare møte gjennomføringstal for hausten. Ulike statistikkar for 2020 er presenterte i studiekvalitetsmeledinga (lagt ved).

Studieleiar har vore i dialog med fakultetet om oppfølging av plagiatsaker, og det har vore tema på studieleiarmøte, og skal følgast opp vidare.

#### **Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)**

#### **Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonisering (UUI)**

Tid: Måndag 1. februar 2021 kl. 13.00-15.00

Stad: Zoom:

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (vara allmenn litteraturvitskap), Daniel Jung (vara digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Per Olav Folgerø (kunsthistorie), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant), Sarita Helen Øygard (studentrepresentant)

Observatørar: Linnea Reitan Jensen, Helga Ramstad Vatsaas

Meldt forfall: Erik Bjerck Hagen, Scott Rettberg, Endre Brunstad

#### **Saksliste**

UUI-sak 1/21: Godkjenning av innkalling og saksliste 1  
UUI-sak 2/21: Orienteringssaker 1  
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte 2  
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar 2  
Orienteringssak 3: Ressursbudsjettering for hausten 2021 3  
Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar for hausten 2021 4  
Orienteringssak 5: Seminar for fagkoordinatorar ved LLE 4  
UUI-sak: 3/21 Drøftingssaker 4  
Drøftingssak 1: Kjeldebruk og plagiat i eksamenssvar 4  
UUI-sak 4/21: Ymist 5

#### **UUI-sak 1/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

#### **UUI-sak 2/21: Orienteringssaker**

##### **Orienteringssak 1: Referat frå førre møte**

Referatet er godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

##### **Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar**

Alle UUI-medlemene fekk tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet:

Markus Pold: Tekniske utfordringar i undervisninga frå i haust har blitt betre. Men vi gler oss til det er høve til å møtast og ha normal arbeidskvardag.

Arnt Robert Leganger: Vi hadde eit vellukka orienteringsmøte, og førelesingar er i gang. Ekskursjon på teatervitskap i dag. Det er fint om vi kan få gjennomføringstal for eksamen som vi etterlyste før jul. På leseseminar på 100-nivå i Zoom har vi hatt breakout rooms som har fungert bra.

Sarita Helen Øygard: Det har vore litt treg start grunna sjukdom hos tilsette (kunsthistorie). Det tekniske er meir på plass sidan i haust.

Keld Hyldig: Det var litt tungt å gjennomføre eksamen, synest det var mykje fråfall og dårlegare resultat. Koronatrøytteleik er synleg på eksamen. Det har vore tungt å starte semesteret utan å møte studentane. Det var difor veldig fint med den utandørs ekskursjonen i dag. Vi håpar at teaterbesøk kan gjennomførast i år. Vi overlever på eit vis, men vi ventar på at ting skal bli normale.

Matti: Vi hadde utandørs forelesing i fjor haust grunna stor deltaking på innføringskurs i latin. Det ser vi fruktene av no. Tilpassingane har i nokon grad blitt betre, medan andre ting ikkje fungerer fullt så godt. Vi er litt spente på kva som skjer vidare. Vi gjer så godt vi kan, stemninga på faget er ganske grei.

Daniel Jung: (hadde og PP-presentasjon) Vi har fått ny fagkoordinator på digital kultur, og vi har to nye tilsette. Fjernundervisning fungerer ganske godt. V i skal gå gjennom programmet no i år. Vi har jobba med ny master i spelforskning med SV. Godt oppmøte på emne i vår. Lite

fråfall, utfordringar med ustabil nett. Vi hadde ei sak om mogleg fusk til vurdering på instituttnivå, men konklusjonen var at det ikkje handla om fusk. Vi er etter måten nøgde. Studentane verkar nøgde og får god oppfølging.

Peter Svare Valeur: Undervisninga starta i førre veke. Godt oppmøte. Eksamen frå førre semester gjekk bra. Kanskje litt fråfall, men ikkje betydeleg.

Koenraad De Smedt: Vi gjer det vi må gjere. Vi har prøvd å undervise frå UiB sidan det skal vere betre nett her. Det har fungert litt så som så. Brannalarm midt i førelesinga. Veka etter var talet på studentar halvert, men då fungerte i alle fall nettet. Vi er urolege for exfac (emnet Språkkunnskap) sidan vi ikkje veit korleis det vil bli organisert etter at vi ikkje har ansvaret lenger. Har vore i kontakt med institutt og fakultet og ventar på tilbakemelding.

Frode Helmich Pedersen: Korona og undervisning er som for alle. Vi har fått auka tal på studentar, noko som er gledeleg, men også problematisk. Vi har ressursutfordringar på rettleiing på masternivå. Fleire lektorstudentar gjennomfører enn før. Vi hadde eit allmøte om lektorutdanninga. Der kom det fram ein del ting, og noko av det var noko vi kunne gjere noko med, men restrukturering av lektorutdanninga er det som det var snakk om. Interessant å vite korleis dette blir tatt vidare. Særleg når det gjeld utveksling, er det utfordringar på lektornivå.

Agnete Nesse: Vi har brukt undervisningsassistentar i haust. Det var gledeleg. Vi har funne alternativ til obligatorisk oppmøte. Vi har òg hatt plagiatproblematikk, og der vil vi endre frå heimeeksamen til skuleeksamen. Vi er i gang med nytt semester og gler oss til beskjed om at vi kan ha campusundervisning.

Per Olav Folgerø: No går det veldig bra etter at vi fekk stillinga dekkja på eitt av grunnemna våre. Det er kjekt at «I» i UUI står for Internasjonalisering, for det er viktig! Kunsthistorie er inne i ein fase med omorganisering av emne på 100- og 200-nivå for å dimensjonere betre for bemanninga. Prosessen går raskt og greitt.

Ilka Wunderlich: Det går fint! Vi har like mange studentar som vi brukar. Vi har alle utvekslingsstudentane på plass. Det går betre og betre med digital undervisning, men vi gler oss til å kunne undervise på campus. Vi har to nye stillingar som skal tilsetjast i morgon i fakultetsstyret. Vi held på med eit digitalt utvekslingsprosjekt i Praha. Vi skal ha to studentar som skal hospitere på kurset. Vi ville gjerne kome i gang med prosjektet.

### **Orienteringssak 3: Ressursbudsjettering for hausten 2021**

Vi skal i gang med ressursbudsjettering for hausten 2021. Instituttleiinga ynskjer å utarbeide eit meir lettvtint verktøy for ressursbudsjettering. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

Vi har blitt betre når det gjeld dette, og fagmiljøa har blitt meir bevisste. Vi ønskjer å få til ei budsjettering over lengre sikt. Vi må greie å avpasse tilbodet vårt mot bemanningssituasjonen innanfor gjeldande reglar som gjeld bruk av vikarar, og dei vitskapleg tilsette skal kunne ha forskingsterminar for så å kunne tilby forskingsbasert undervisning. Budsjettering handlar om å stipulere og sjå framover. Situasjonen som kjem fram av eit budsjett, må få konsekvensar for kva slags tilbod vi kan gi. Situasjonen er ulik i ulike fagmiljø, men prinsippet står fast.

Koenraad De Smedt: vi har allereie varsla instituttet om at vi vil kome i ein vanskeleg situasjon om vi ikkje får tilsett den utlyste stillinga, men det har vi ikkje fått noka tilbakemelding om. Om vi ikkje får på plass nokon i løpet av sommaren, slit vi. Vi har rett på vikar, men det er vanskeleg å finne nokon, særleg på kort varsel. Det er ikkje gitt at vi finn nokon vi kan bruke sjølv om vi får vikarmidlar. Vi kan ikkje gjere ting som er umoglege.

Heming H. Gujord: det er fakultetet som tilset. Lingvistikk har sympati hos instituttleiinga, men det hjelper lite overfor fakultetet.

Koenraad De Smedt: Men vi må melde i frå via tenesteveg. Dersom vi ikkje har nokon på plass, kan vi ikkje garantere at vi kan tilby undervisninga. Vi kan ikkje lage ordentleg plan om vi ikkje har ordentleg bemanning.

Keld Hyldig: Vi får beskjed om frikjøp veldig seint. Gjerne rett før frikjøpet skal skje.

Heming H. Gujord: Det vi ønskjer, er at vi i ein normalsituasjon har balanse mellom undervisning og bemanning.

Koenraad De Smedt: Men frikjøp kan ikkje bli gitt med to vekers varsel. Og det må nokon ta ansvar for.

Agnete Nesse: Eg håpar at dette ikkje fører til at det blir dobbelt arbeid for fagkoordinatorar. Ein kan ikkje alltid ha kunnskap om studenttal på førehand.

Heming H. Gujord: vi håpar at dette også kan vere ein oversiktleg faktor i ressursbudsjetteringa.

Keld Hyldig: budsjettet er ein god ting, og eg har sansen for det. Men skjemaet er komplisert. Fint om det blir eit enklare skjema. Eit budsjett er jo alltid rettleiande. Det kan vere variasjon som kjem fram i rekneskapan.

Heming H. Gujord: Vi planlegg ei forenkling, og dette skal vere klart innan kort tid.

### **Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar for hausten 2021**

I samband med utarbeiding av ressursbudsjetta, vil vi òg at de tenkjer over behov for undervisningsassistentar til hausten. Vi har alt fått nokre søknader, og vi har fått ekstra midlar frå fakultetet. Kriteria er at assistentane blir brukte til opplegg som kjem i tillegg til den undervisninga som er fastsett i emneplanen. Studieleiar Signe Nilssen orienterte.

### **Orienteringssak 5: Seminar for fagkoordinatorar ved LLE**

Instituttleiinga ynskjer å arrangere eit seminar for nye og erfarne fagkoordinatorar ved LLE. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterte.

Vi ønskjer å få til dette i ein situasjon der vi kan møtast fysisk. Budsjettering er aktuelt tema for eit slikt seminar. Vi ønskjer òg å få inn nokon frå fakultetet for å snakke om vikarbruk. Fagkoordinatorar kan spele inn punkt som vi kan ha oppe på eit slikt seminar. Dersom det blir digitalt, ønskjer vi å bruke berre ein halv dag. Det handlar om å skulere oss sjølve som fagkoordinatorar innan dei rammene mandatet gir.

Det kom innspel om i kva grad det er bruk for eit slikt seminar. Mange opplever at det er god hjelp og opplæring frå førre fagkoordinator, og at studiekonsulent og tidlegare fagkoordinator alltid er tilgjengelege for å hjelpe.

Heming H. Gujord: Vi tar omsyn til at ein har avgrensa med tid. Dersom ei evaluering av eit slikt seminar viser at dette var bortkasta tid, må vi tenkje over det på nytt. Vi håpar å få dette til i løpet av februar.

#### **UUI-sak: 3/21 Drøftingssaker**

##### **Drøftingssak 1: Kjeldebruk og plagiat i eksamenssvar**

Vi har hatt fleire saker der studentar har blitt mistenkte for plagiat i haust. Noko må skuldast uklare beskjedar frå fagmiljøet. Konkrete utfordringar i haust har t.d. vore at studentane har fått beskjed om at dei ikkje treng å føre opp kjelder frå pensum i eksamenssvara sine, og at studentar har fått beskjed om at semesteroppgåver på masternivå i sin heilskap kan nyttast i masteroppgåva.

Dette kan i verste fall føre til at studentar som har handla i god tru, risikerer å bli utestengt frå heile universitets- og høgskulesektoren i eitt år, og få eksamensresultatet sitt annullert.

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleia, supplert av studieieiar Signe Nilssen.

Det blei uttrykt uro over at ein skulle risikere å bli tatt i sjølvplagiering over å hente fram att eigne forskingsprosjekt frå tidlegare. Det blei dessutan uttrykt ønske om at rett og god opplæring i kjeldebruk og sitering var noko ein kunne ha fokus på i innføringsemna.

Det blei innvendt frå studieieiar at ikkje alle studentar har vore innom innføringsemne, og at dette er noko det er naturleg at ein har fokus på det, og gir klare beskjedar om det knytt til eksamensførebuing i undervisninga.

Det blei òg understreka at ein heilt fint kan vise til arbeid ein har skrive før, men at ein då må sitere seg sjølv. Ein kan heller ikkje få full utteljing for det same arbeidet to gonger, så dersom ein nyttar tidlegare arbeid i større omfang, må ein omarbeide det.

På nordisk har det vist seg at ei nyinnført vurderingsform ikkje har fungert etter hensikta, og at det har gitt negative utslag.

Det blei etterlyst meir profesjonell oppfølging av plagiatsaker på nivåa over oss. Er det ikkje formålstenleg med ein fagperson som er påkopla? Lingvistikk har erfaring med at fakultetet gav tilbakemelding om at dei ikkje forstod den fylldige, faglege rapporten om mistanke.

Studieieiar skal undersøke kva fakultetet seier om dette. Vidare skal studieieiar undersøke om det finst – eller er mogleg å utarbeide eit felles skriv om plagiat og sitering som studiekonsulentane på fakultetet kan legge ut på emnenivå i eksamensperioden.

#### **UUI-sak 4/21: Ymist**

Ingen saker var melde.

### [Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar](#)

Alle UUI-medlemene får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

### [Orienteringssak 3: Haustens undervisning - retningslinjer](#)

Vi må planlegge med ein meters avstand i fysisk undervisning og elles ha tilrettelagt for digitalt tilbod. Vi kan ikkje krevje oppmøte til undervisning. Men kan vi erstatte oppmøtekravet med andre aktivitetar? Kan vi legge opp til meir studentaktiv læring? Hovudregelen er at det skal vere digital eksamen, og instituttet har berre meldt inn norskkursa som ønske til saleksamen, då erfaring har vist at det er det einaste som er sannsynleg at vi får til. Vi har ettersendt ønske som er komne inn frå andre, men fristen er gått ut. Sjå vedlagde brev frå fakultetet. Heming Helland Gujord orienterer.

#### Orienteringssak 4: Studiekvalitetsmeldinga og dialogmøte - 2020

Vi har hatt dialogmøte med fakultetet om mellom anna studiekvalitetsmeldinga frå LLE (sjå vedlegg). Heming Helland Gujord orienterer.

#### Orienteringssak 5: Pilot for obligatorisk utveksling i studieplanen

BA-programmet i teatervitskap er meldt inn i pilot for «obligatorisk» utveksling i studieplanen. Dette er noko som på sikt vil bli innført i alle studieprogramma. Signe Nilssen orienterer.

#### Orienteringssak 6: Revisjon av BA-programmet i kunsthistorie

BA-programmet i kunsthistorie har gått gjennom ein revisjonsprosess, og ny struktur og emneportefølje er innført frå hausten 2021. Heming Helland Gujord orienterer.

#### UUI-sak: 7/21 Drøftingssaker

#### Drøftingssak 1: Seminar for fagkoordinatorar - evaluering

Måndag 15. mars blei UUI-møtetida brukt til seminar for fagkoordinatorane ved LLE. Vi rakk ikkje å evaluere då, så dersom det er innspel og tilbakemeldingar, er det rom for å drøfte seminaret i dette møtet. Er det aktuelt å bruke oppsette møtetidspunkt for UUI til temaseminar også seinare? Heming Helland Gujord innleier.

#### Drøftingssak 2: LLE 2022

Jamfør instituttets strategi har vi målsetjing om at det skal vere samsvar mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod i dei ulike miljøa. Heming Helland Gujord presenterer saka for drøfting. Saksførelegg blir ettersendt

#### UUI-sak 8/21: Ymist